


Sjøwall får likevel ikkje byggja

24.09.2011



Per Arild Sjøwall eig heile området på biletet med unnatak av naust-tomtane. Han ynskte å bygga i området bak det raude naustet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fylkesmannen i Rogaland har som settefylkesmann gjort endeleg vedtak i den langdryge og prinsippielt viktige saka om byggjing av bustad i Kleivadalen for Per Arild Sjøvall, som bur i Hafsfjord. Kommunen sitt positive vedtak blir omgjort og søknaden om dispensasjon avslått slik at klagen blir teken til følge.



Eigedomen til Sjøwall er streka inn på denne teikninga.

Tomta ligg i LNF-område og innafor 100-metersbeltet til stø. Dispensasjonssøknaden var grunngeve med at det er stor mangel på bustadareal i Uskedalen og at parsellen har liten verdi som landbruksjord då grunnen består av fjell og stein. Administrasjonen gjekk i mot og viste til at det er svært mykje bustadareal i bygda og at tomta ligg i svært bratt terreng og vil krevje større terrengingrep. Forvalgningskomiteen gjekk med 5 mot 3 inn for å gje dispensasjon og det vart påklaga av Fylkesmannen sin miljøvernavdeling.

Avdelingen meinte at eit positivt vedtak ville skapa presedens og peika på at tomta er ei grønn lunge mellom to bustadfelt og ein del av eit større grøntområde. Tomta har verdi som natur- og friluftsområde. Eit større inngrep vil bety eit stort inngrep i den funksjonelle strandsona.

Fylkesmannen i Rogaland strekar under at tomta har ein klår verdi som natur- og friluftsområde og ligg i nær tilknytning til eit større grøntområde. Hvis kommunen vil opne for bustad på tomta, bør det skje ved revidering av kommuneplanen og ikkje ved enkelte dispensasjonar,

Fylkesmannen viser også til klare nasjonale føringar om ein skjerpa dispensasjonspraksis i 100-metersbeltet og at det skal visast stor varsemd med dispensasjonar i området som er gjeve særskilt vern. Frådøling vil medføre eit større terrengingrep som vil endra landskapsbiletet og som vil verta synleg i strandsona. Der er det store byggjepress og det er difor viktig å ta vare på grøntområda

Av Ola Matti Mathisen



Det aktuelle området sett frå sjøsida (til høgre for det raude naustet)